



Overført ferie frå sist

år: dg

Ekstra ferie:

år: dg

Ferie dette år:

år: dg

Fleksitid

Namn:

Månad:

År:

Dato	Arbeidstid	Tal på timar	+ timar	- timar	Tilgode/skuldig
Overført:					

Overføre: _____ timar Attestert den _____

Overføre ferie: _____ dg. - dette år
 _____ dg. - forrige år
 _____ dg. - ekstra

Einingsleiar/kommunalsjef



NISSEDAL KOMMUNE - FLEKSITIDSREGLEMENT

Vedteke av kommunestyret i sak 34/11.

1. Reglementet gjeld for tilsette som er omfatta av hovudtariffavtalen kap. 1 § 1.1, med følgjande unnatak:
 - for tilsette i turnus gjeld ikkje punkta 2 og 3, men vilkåra i lov- og avtaleverk
 - for tilsette med fast eller varierende arbeidstid utanom normalarbeidstida (heimhjelper, reinhaldarar, barnehagetilsette og tilsette i kultur) gjeld egne avtalar i staden for punkt 2 og 3
 - for tilsette i skule som har eigen arbeidstidsavtale gjeld denne i staden for punkt 2 og 3
2. Arbeidstida kan utvidast til tidsrommet mellom kl. 06.00 og kl. 21.00, med ei kjernetid frå kl. 09.00 til kl. 14.00, då alle må vere til stades. Den enkelte tilsette og arbeidsgivar må saman sjå til at arbeidstida den enkelte dagen ikkje blir uforsvarleg lang.
3. Det bør normalt vere minst ein til stades på kontoret/arbeidsplassen i den vanlege arbeidstida. Vanleg arbeidstid er for tida følgjande inkl. matpause:
 - Frå 01.10 til 31.03: Kl. 07.45 – 15.30.
 - Frå 01.04 til 30.09: Kl. 07.45 – 15.00.
4. Den tilsette kan opparbeide ein differanse på +40/-10 timar i månaden som kan bli overført til neste månad. Om ein vil ta ut "overskotet" i fridagar, kan ein ta ut inntil 3 heile fridagar (alternativt inntil 6 halve fridagar) i løpet av ein kalendermånad etter avtale med arbeidsgivar, dersom dette er forsvarleg for tenesteutøvinga. Plusstimar over 40 timar vert stroke ved utgangen av kvar månad. Minustimar utover 10 timar vert rapportert til lønsansvarleg for trekk i løn ved utgangen av kvar månad.
5. Den tilsette fører sjølv timeliste og leverer denne kvar månad til arbeidsgivar for godkjenning.
6. I samsvar med hovudavtalen skal alt pålagt arbeid utover vanleg arbeidstid som gjeld for heiltidstilsette, bli rekna som overtidsarbeid.
7. Ved deltaking på kurs, konferansar, møte og liknande (som arbeidsgivar har akseptert/pålagt) utanom ordinær arbeidstid, kan fleksitidsordninga brukast, dvs. at ein fører arbeidstid for den faglege delen av samlinga. Ut over dette vert det ikkje rekna arbeidstid. For overnattingskurs gjeld dette både start- og sluttidspunkt for kvar dag.
8. Reise til/frå kurs, konferansar, møte og liknande i arbeidstida blir rekna som vanleg arbeidstid, også i dei tilfella reisa skjer utanom vanleg arbeidstid. Reisetid vert ikkje rekna som overtid, men som fleksitid.
9. For tilsette som er omfatta av hovudtariffavtalen kap. 1 § 6.3, gjeld dette reglementet med følgjande unnatak:
 - pkt. 6 gjeld ikkje for denne gruppa.
 - all arbeidstid vert rekna med i fleksitidsordninga, same kva tid på døgnet arbeidet skjer. Den enkelte må sjølv, saman med næraste overordna, sjå til at ein ikkje arbeider meir enn det som er forsvarleg. Så langt som råd skal også denne gruppa jobbe i kjernearbeidstida etter pkt. 2.
10. Arbeidsgivar kan inngå avtale om avvik frå enkelte punkt i fleksitidsreglementet for enkeltilsette der det er behov for dette, t.d. i samband med ulike livsfasar eller for tilsette med sesongprega arbeid, dersom dette er forsvarleg for tenesteutøvinga. Slike avtalar skal ikkje ha lenger varigheit enn 1 år. Arbeidsgivar skal varsle tillitsvalde om avtalar som er inngått i tråd med dette punktet.
11. Reglementet vert lagt fram for ADMU for rullering ein gong i kvar kommunestyreperiode.